



## Uttale til klage på disp. og løyve til etablering av naust på – gbnr 60/28 Langenes

### Innspill til sak vedrørende klage

Nøstet fører ikkje til noken stenging eller lukking av tilkomsten til strandsone. Eksisterande støttemurar mot terreng og mur/slipp mot sjø er fleire plassar i ferd med å rase ut, om det skjer vil tilkomsten til strandsonen i dette området bli sterkt redusert. Ved ein gjenoppbygging av naustet vil området rundt nøstet, murar, kai og slipp bli oppgradert og vedlikeholdt slik at tilkomsten heller vil bli bedre. Tomten er fradelst som naustetomt.

Tomten er etablert og tilrettelagt for nøst langt tilbake i tid. Det samme gjelder nødvendige murar mot sjø og terreng, murane er i hovudsak utført i naturstein. Oppsettingen av nytt naust fører ikkje til noken endring av strandsone eller nye terrenginngrep.

Kaien og slippet som ligg foran nøstet egner seg godt til soling, bading og fising i fjøra, og det har området blitt brukt til i fleire generasjonar av dei som bur eller har hytte på Langenes, samt tilreisande og besøkande. Denne plassen er og blir tilgjengelig for alle.






**LANGENES BYGG AS**

Byggmester – Trelast – Byggevarer



Side 2 av 6

Naustet vil ikkje bli dominerande i landskapet då terrenget stiger bratt få meter bak bygget. Noko som både flyfoto fra ca 1960 og vinterbilde bilde fra midten av 80tallet viser.



*Langenes.*

(Foto: Telemark Flyfoto).





Storleiken på naustet blir slik fordi vi vil sette det opp på eksisterande grunnmur og slik unngå terreng inngrep og endringer i strandsona, samt gjenskape ein mest mulig tro kopi av det gamle naustet som var eit fiskar naust med notloft. Naustet var hovednaust på Langenes i fleire generasjonar då fiske var ei viktig attåt næring til gardsbruk.

Nøstet vil bli brukt av heile familien til Helge Langenes som omfattar voksne barn og barenbarn som i dag ikkje har tilgang til sjø der dei bur. Ved bygging av dette nøstet vil familien få ein mykje bedre mulighet for tilgang til sjø og lagring av båtar, fiskeutstyr og lignande.

At naustet ikkje skal ha kulturhistorisk verdi verkar litt underlig då det skal byggjast opp igjen som ein kopi av det originale naustet som har historie til bake til tidlig på 1900talet. Med tanke på campingplassen på Kaldneset som ligg på andre sida av Langenesvågen knappe 100m frå naustet full av campingvogner og spikartelt, må det vere viktig med tiltak som tar vare på og gjenskaper mest mulig av det gamle naust miljøet i Langenesvågen.





# LANGENES BYGG AS

Byggmester – Trelast – Byggevarer



Å argumentere for at bygging av dette naustet vil føre til press for ei bit for bit nedbygging av strandsona verkar urimelig då dette er ein etablert naustetomt der byggegrunn for naust er tilrettelagt fra før fordi det har stått eit naust der tidligare. Det må og nemnast at det i hyttefeltet Buskeneset som ligg på andre sida av Kaldneset ca 5-600m vest for naustet er satt opp ei naustrekke med 8 naust for nokre år sidan.





Det er og hytter og naust på dei fleste holmane som ligg utanfor Langenesvågen.



Når det gjelder Den indre farleia så er ikkje nausta i Langenesvågen synlige frå leia som nordvest for Langenes noke derimot campingplassen på Kaldneset samt hytter og naust på Buskeneset er. Den indre farleia handler vel om å ta vare på landskap og miljø noko vi meiner dette tiltaket gjør.

Vi kan ikkje sjå at tiltaket vil være til ulempe naboer, området og miljø eller redusere den visuelle verdien av Den indre farleia.





**LANGENES BYGG AS**

Byggmester – Trelast – Byggevarer



Side 6 av 6

Vi kan ikke sjå at det er grunn til å gjøre om kommunen sitt vedtak om dispensasjon og løyve.

Dette er meint som innspill fra vår side til bruk i førebuing av saka til politisk handsaming.

Dersom de ønsker det kan vi sende orginalane til bildene vi har brukt i dette skrivet, vi har og ein god del fleire bilder av området så det er bare å gi beskjed om de ønsker fleire bilder.

Vennlig hilsen  
Langenes Bygg AS

Vidar Langenes  
Tlf: 56 35 74 10      Mobil: 932 12 158  
vidar@langenesbygg.no